



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Midtun Service
Sindre Midtun
Strønevegen 175
5217 Hagavik

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/56815	24/13	Simon Wolff - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no	Ref.:8AF- UNV- Skjemanr.:8 00061	12.06.2026

Delegert sak

Styre, råd, utval	Sak nr
Plan-, bygg- og miljøutvalet	548/2026

33/21 - Melding om vedtak - godkjenning av innmarksbeite som spreieareal Bjørnafjorden kommune

Vedtak

Bjørnafjorden kommune godkjenner **6,5 daa** netto/effektivt spreieareal i utmark som er under opparbeiding til innmarksbeite.

Arealet er disponert av Sindre Midtun og omfattar følgjande eigedomar: gnr./bnr. 33/21, 33/80, 33/79.

Godkjent spreieareal går fram av vedlagt kart og tabell.

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. § 17.

Godkjenninga gjeld til 31.12.2033.

Vilkår

- Det skal utarbeidast gjødslingsplan som omfattar det godkjende spreiearealet.
- Spreiing av gjødsel skal vere i samsvar med gjødslingsplan og gjeldande regelverk.
- Det skal ikkje spreiest gjødsel nærare enn 6 meter frå vassdrag.
- Arealet skal oppretthalde status som innmarksbeite etter AR5 og vere i aktiv drift.
- Spreiing skal skje med eigna utstyr og på ein måte som ikkje medfører fare for forureining.
- Kommunen kan endre eller oppheve godkjenninga dersom vilkåra for vedtaket ikkje lenger er oppfylte, arealet ikkje lenger oppfyller krava til innmarksbeite, eller det oppstår miljøtilhøve som tilseier at spreieing ikkje er forsvarleg.
- Det er eit vilkår for godkjenninga at sækjar har innhenta nødvendig samtykke frå grunneigar. Kommunen legg til grunn at dei privatrettslege tilhøva er avklara før spreiearealet vert teke i bruk.

På godkjent spreieareal kan det spreiest inntil 2,0 kg fosfor per dekar.



Saksframstilling

Bjørnafjorden kommune mottok søknad om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal den 31.5.2026.

Etter forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. skal innmarksbeite godkjennast av kommunen før det kan nyttast som spreieareal.

Vurdering

Kommunen gjennomførte synfaring 5. juni 2026 for å vurdere dei omsøkte areala.

På bakgrunn av synfaringa er det gjort ei konkret, skjønnsmessig vurdering av kvar enkelt teig. Det er fastsett fråtrekk for areal som ikkje er eigna til gjødsling, mellom anna areal med fjell i dagen og stein og areal med avgrensa beiteverdi.

Ved synfaringa vart det observert at arealet er under opparbeiding frå furuskog til innmarksbeite for geit. Tre vert hogd og brukt til ved. Kvist o.l. vert liggande ei stund slik at geitene kan barke. Etter det vert materialet flisa opp og brukt til strø. Røter og stammer vert fjerna før gjødsling og såing.

Samla etter fråtrekka er det fastsett eit netto/effektivt spreieareal på **6,5 daa**.

Det er ikkje lagt fram gjødslingsplan for arealet. Gjødsling skal ligge innanfor gjeldande grenser for fosfortilførsel som er 2,0 kg P/daa. Totalt utgjør det omlag 13,0 kg P. Syner til tabellen under.

Innmarksbeite er ein viktig fôrressurs for føretaket. Gjødsling av utmarksarealet legg til rette for betre opparbeiding til innmarksbeite og med det utnytting av arealet.

Det er tiltakshavar sitt ansvar å sikre at gjødsling skjer på ein forsvarleg måte med omsyn til vêrforhold, avrenning, naboar og vassførekomstar.

Det er ikkje registrert kulturminne i områda som er planlagt å gjødsle.

Kommunen vurderer at arealet samla sett er eigna som spreieareal, og at gjødsling i samsvar med vilkåra ikkje vil medføre uakseptable miljøkonsekvensar.

Gnr./bnr.	Teig	Areal i Gardskart/AR 5	Areal planlagt gjødsla	Fråtrek k (daa)	Fråtrek k (%)	Netto/effektiv t spreieareal	Grense total kg fosfor
33/21	Nedom nydyrka teig	4,9	4,9	0,5	10	4,4	8,8
33/80 og 79	Begge sider av vegen	2,3	2,3	0,2	10	2,1	4,2
Sum		7,2	7,2	0,7	10	6,5	13,0



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Naturmangfaldlova §§ 8–12

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Det er ikkje registrert naturverdiar som vert vesentleg råka av tiltaket.

§ 9 Føre-var-prinsippet

Er vurdert som ivareteke.

§ 10 Økosystem og samla belastning

Tiltaket inneber ikkje auka samla belastning.

§ 11 Kostnader ved miljøforringing

Vert borne av tiltakshavar.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar

Det vert føresett bruk av eigna utstyr.

Samla vurdering

Kommunen vurderer at vilkåra for godkjenning er oppfylte, og at tiltaket er forsvarleg ut frå landbruks- og miljøomsyn.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova §§ 28–36.

Klagefristen er tre veker frå melding om vedtak er motteken. Klagen skal sendast til Bjørnafjorden kommune.

Med vennleg helsing

Simon Wolff
Landbrukssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Kart Sindre Midtun 5 juni 26